

FEDJE

Landsbyen i havet



V.1.26

Velkommen heim!



TURISTINFORMASJON

Jentene på Kaien

FB & Insta: Jentene på Kaien
Epost: post@jentenepakaien.no
Telefon: 95 90 94 11
Destinasjonfedje.no

HISTORISKE FEDJE

OM FEDJE

Fedje er ein øykommune i Nordhordland, etablert i 1947 då den vart utskilt frå Austrheim.

Navnet Fedje kjem frå det norrøne 'Fedjar' som betyr gjerde eller skillevegg. Navnet kan ha betydd øyrekke, øygard eller fiskestengslar. Navnet Fedje skrives Fediom i 1405, Fedhjar i 1427, Fiet i 1520, Fedie i 1563, og Fædie i 1723, av norrønt feð og kan tolkast som «beiteøyene».

Kommunen består av ei hovedøy og over hundre småøyer og holmer. Her bur rundt 500 innbyggjarar. Naturen på Fedje er kjenneteikna av lite skog og eit forblåst landskap. Hovudnæringa har historisk sett vore fiskeri. Ein er avhengig av ferje eller båt for å kome seg til øya.

KREMMARHOLMEN

Restaurert og verna gjest-gjevarstad som kan sporast i kjelder attende til 1658. NB! I privat eige.

VIDNAPPEN KRIGSMINNE

Fedje var strategisk viktig for tyskarane under andre verdskrig. Restane av forsvarsanlegga finn du i og kring Vidnappen. I havet ligg minst to ubåtar frå krigen, U-864 og U-486. Ubåten U-864 er lasta med kvikksølv, og diskusjonen om heving eller tildekking av vraket er framleis levande.

HELLISØY FYR

Fyret ligg på ei lita øy i Fedje kommune. Anlegget har eit 32,2 m høgt fyrtårn i støpejern, som står på ein låg granitt-sokkel. Fyrstasjonen har stor aldersverdi, og er landets nest eldste støpejernsfyr. Linse-apparatet er framleis i drift.

HOLMENGRÅ FYR

Dette vêrharde Kystfyret er frå 1892 med isolert plassering. NB! Det er ikkje ope for publikum

FEDJE KYRKJESTAD

Sidan 1600-talet har det stått tre tidlegare kyrkjebygg på same plassen som ein finn dagens kyrkje. Kyrkja vart vigsla i 1941, og har ca 400 sitjeplassar.



OVERNATTING

FABRIKK NR. 8

Utleige av store fine leiligheiter. Bubilparkering og gjestebrygge, med tilgang til straum og vatn. Det er ikkje mogleg å bestille plass til bubil eller båt i forkant.

booking@fedjeisland.no

55 99 00 61

Fedjeisland.no

LOSEN

4 fine rom med felles bad, og leiligheit med eit soverom sentralt i havna.

booking@fedjeisland.no

55 99 00 61

Fedjeisland.no

GAMLE KVALSTEIN

Historisk kvalskøyte med overnatting til 10 pers. Kjøkken, 3 bad, og romsleg fellesområde.

explorewest@outlook.com

41 51 17 79

KNA-HUSET

Hus med 5 soverom og 12 sengeplassar. Mogleg leige av båt.

bergen@KNA.no

SANKAREN

1-3 rom heime hos Sankaren. Store rom med dobbeltseng eller enkeltssenger, felles bad og loftstue.

mathusa@online.no

91 10 15 66

FEDJE FERIETUN

Hus med overnatting for inntil 10 personar, samt hytte med overnatting for inntil 4 personer. 5 bubilplassar med tilgang til baderom, vatn, og straum. Stor uteplass.

niclas.mjelstad@outlook.com

90 87 02 76

Facebook: Fedje ferietun

FEDJE HAVSTOVER

Fire moderne hytter på 50 kvm. 2 soverom, til saman 4-5 sengeplassar. Gode høve til å fiske frå land nær hyttene.

fedjehavstove@gmail.com

92 08 51 55 / 40 87 55 16

FEDJE FISKE OG BO

Hus med 6 soverom og 15 sengeplassar. Bubilparkering med tilgang til vatn og straum etter avtale.

toregismervik@gmail.com

hanne_mia@hotmail.com

95 89 96 67 / 99 64 65 14

Fedjefiskeogbo.com

ANNEKSET I HAMNA

Koseleg anneks i hamna. Passande for par/liten familie. Sjå Airbnb: "Spesielt og velutstyrt anneks ved havna på Fedje".

tonesaevi@gmail.com

92 68 81 16

MAT, DRIKKE OG HANDEL

MATKROKEN FEDJE

Daglegvareforretning, miniapotek, utstyr for fiske- og båtliv, interiør m.m. Koseleg Kaféhjørne med godt utvalg av mat og drikke, påsmurt, kaker, is, pizza og baristakaffe.

56 16 43 00

LOSEN

Lokal restaurant med smaker fra hav og land, stor solrik uteservering.

booking@fedjeisland.no

55 99 00 61

fedjeisland.no

NAUSTET I HOLMEN

Her kan du komme på konsert, oppleve musikk, ein god prat, snacks og drikke, og nyte sommerkelder i sjøkanten. Skal du ha selskap og treng eit lokale? Ta gjerne kontakt. Plass til inntil 120 personar.

explorewest@outlook.com

41 51 17 79

explorewest.no

SANKEREN

Mat frå grunnen av, ope på utvalgte dagar. Bestilling av mat til grupper med servering i Sankerens Løe.

mathusa@online.no

91 10 15 66 / 97 08 16 77

Facebook: Sankerens Løe

JENTENE PÅ KAIEN & TURISTINFO

Start besøket ditt hos oss!

Vi byr på kaffi og enkel servering, ekte kysthistorier, lokale produkt, og nyttig informasjon om Fedje. Ein naturleg møteplass i Landsbyen i havet rett på kaien.

post@jentenepakaien.no

95 90 94 11

FB & Insta: Jentene på Kaien

EIDE GLASS

Lokal glassmakar som lagar unike suvenirar, smykker, og andre dekorative gjenstandar.

egt@online.no

47 50 28 47

FB & Insta: Eide Glass

STRIKKEBUA


Her finn du heimestrikka og heimesyddde plagg, samt sal av garn.

95 81 36 20 / 90 66 98 31




FEDJE

1. Fedje Havstover
2. Fedje Fiske og bo & Galleri Hanne-Mari
3. Fedje Ferietun
4. Sentrum, sjå eige kart
5. Trafikksentralen
6. Fedje krigsminner & Vidnappen
7. Nordsjøløypa, Træsneset
8. Fedje Idrettsanlegg & Frisbeegolf
9. Badestrand
10. Nordsjøløypa, lang løype
11. Nordsjøløypa, grusløypa
12. Sankarens Løe
13. Nordsjøløypa, Fjordløypa & Frisbeegolf
14. Verneområde med fuglefreding
15. Snarveg til dagsturhytta frå Grusløypa
16. Fedjebjørnen
17. Dagsturhytta Aurihopen
18. Stormark Grendahus
19. Sjøfuglreservat
20. Hellisøy fyr
21. Stormark kai



SENTRUM

1. Fergekaiaen, ferjekalbibliotek, venterom, og toalett
2. Jentene på kaiaen og turistinformasjon
3. Fiskarkona, statue
4. Drivstoff, el-bil lading, og vatn
5. Fedje Ocean Distillery og Mattrøken
6. Kabelferja
7. Fedje Island
8. Losen
9. Perrille
10. Annekset i hamma
11. Eide Glass
12. Fedje kyrkje
13. Bedehuset Salem
14. Fab. n.r. 8
15. Bobilparkering ved Fab. n.r. 8
16. Gjestehamn for båt
17. Krammarholmen
18. Naustet ved Holmen, Badstue og Explore West
19. Fedje Ferietun
20. Havfiskeetur med Lyren
21. Strikkebua
22. Fedje Legevakt og Sjukeheim
23. KNA-huset
24. Ute-Ludo
25. Gravplass
26. Fedje kommune sårivstorg
27. Familiens hus
28. Fedje folkebibliotek
29. Fedje fleirbrukshall
30. Skule og løykeplass



AKTIV FERIE

FEDJEBJØRNEREN

Opplev ein ugløymeleg «topptur» til Fedjebjørnen med sine stolte 41,9 moh: det nest lågaste høgaste punktet i nokon norsk kommune!

DAGSTURHYTTA I AURIHOPEN

Her kan du slappe av med ein kaffikopp og nyte utsikta mot storhavet og fyrårnet. Hytta er utstyrt med sitteunderlag og nynorsk bibliotek. Sjå ut.no for kart og meir info.

BADESTRANDA

Husavatnet er eit brakkvatn og vert difor raskare varma opp enn sjøen utanfor. Her er det laga til ein fin badeplass med ein liten strand, plattingar, flytebrygge med meir.

PRINSESSETOPPEN

Ta turen til helikopterplassen og spaser 25 meter til «Prinsessetoppen» som gir deg 360 graders utsikt over Fedje og Landsbyen i havet, Fedjeosen i sør, Storhavet i vest, Fedjefjorden i aust.

NORDSJØLØYPA

Flotte turløyper som tek deg gjennom naturen på Fedje. Grusløypa passar for alle. Sjå ut.no for kart og meir info.

ØYANE

Eit eller to steinkast nord for Fedje finn du «øyane», eit lite øyrike som berre ventar på å bli utforska. Flott for båt eller kajakkur.

Uteludo

Spel "verdastørste Ludo" på Grendamyra! Du finn det markert på turistkartet i denne brosjyra.



AKTIV FERIE

SYKKELUTLEIGE

Syklar kan hentast og returnerast utanfor Jentene på Kaien. Vipps før bruk til 937087. For spørsmål kontakt Explore West på tlf: 41 51 17 79, eller epost: explorewest@outlook.com. Explorewest.no

BADSTOVE

I hjertet av Fedje ligg badstova plassert på ei stor flytebrygge. Slapp av, lad opp og nyt den fantastiske utsikta mot innseglinga. Bestilling og meir info: explorewest.no

STOLPEJAKTEN

Gå på stolpejakt på Fedje! Ei rekke stolper er plassert, nokon finn du lett, mens andre må du kanskje lete litt mer etter. Stolpejakten-appen kan lastast ned gratis fra Google Play eller AppStore. Sjå stolpejakten.no

FRISEBEEGOLF

I Nordsjøløypa (Fjordløypa) kan du spele frisebeegolf tett på naturen. Du finn også fridbeegolfbaner ved Fedje Idrettsanlegg.



OPPLEVINGAR

KVA SKJER PÅ FEDJE

I Facebook-gruppa "Kva skjer på Fedje" vert det lagt ut informasjon om det meste som skjer på Fedje, blant anna bingo, basar, quiz, møteplassar, konsertar, arrangement, og meir.

Sjå også aktivitetskalenderen på Fedje kommune si heimeside.

HAVFISKETUR MED LYREN

Fisketur til havs i sjark med den lokalkjende fiskeguiden Kurt Rongevær, også kjend som Lyren.

rogroenge@hotmail.com
90 01 92 69

GALLERI HANNE-MARI

Hos Galleri og atelier Hanne-Mari på Moldøyna kan du oppleve abstrakt samtidskunst inspirert av havet, lyset og landskapet rundt Fedje. Galleriet er også et levende atelier der kunsten blir til. Det tilbys også Sip & Paint-kvelder og kurs med fokus på abstrakt uttrykk, prosess og fargebruk.

Epost: hannemari.gj@gmail.com
Tlf: 99 64 65 14
FB & Insta: Galleri Hanne-Mari

FEDDIE OCEAN DISTILLERY

Opplev destilleriets unike atmosfære med guida omvisning, historiefortelling og smaking av produkt. Sjå opningstider og bestill billetter via feddiedistillery.no.

For gruppebestillingar og omvisningar utanom ordinær opingstid, send epost til omvisning@feddiedistillery.no

RIB TUR

Tur med RIB båt til nærliggende fyr som Hellisøy, Holmengrå og Utvær. Muligheter for å gå i land. Turen kan tilpassast ditt ønske. Passer også for firmatur, vennetur, eller utdrikningslag. Maks 12 personar per båt.

explorewest@outlook.com
41 51 17 79
Facebook: Explore West
Heimeside: explorewest.no

FEDJE FISKE OG BO

Erfarne fiskeguidar tilbyr havfiskeopplevingar og overnatting med base på Moldøyna.

toregismervik@gmail.com
hanne_mia@hotmail.com
95 89 96 67 / 99 64 65 14
Facebook: fedje fiske og bo
Heimeside: fedjefiskeogbo.com

OPPLEVINGAR

LENGST VEST FESTIVALEN

Lengst Vest er ein splitter ny festival på Fedje 5-8. august!

På dagtid kan du oppleve blant anna barne- og familie-arrangement, sommarmarknad med lokale produsentar, servering av mat og drikke, havsport, aktivitetar, kurs, og lek

På kvelden blir det fullt program med musikk, dans, latter, og allsang med ei rekke spennande artistar. Dags- og festivalpass i salg no.

Facebook: Lengst Vest Festivalen
Billettar finn du på Hoopla.no
Bubilparkering kan bestillast via Campio.no

NORDHORDLAND BIOSFÆREOMRÅDE

Opplev Nordhordland UNESCO Biosfæreområde 19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd til eit UNESCO biosfæreområde – det første i Norge.

Eit biosfæreområde er berekraftig utvikling i praksis. Det inneber å utforske nye måtar å nytte ressursane på og la det beste frå fortida vere grunnlaget for utviklinga av ein moderne og berekraftig region.

MORDET PÅ FEDJE


Eit mordmysterium inspirert av det verkelege liv. Ta med gjengen på tur. Gå på oppdagingsferd, bli etterforskar og finn mordaren. Mordet på Fedje er ein leiken aktivitet som foregår ute og som passar for grupper frå 2-4 spelarar per mysterium. Garantert 2 morosame timar!

Tilgjengelig på Losen, Freddie Ocean Distillery, og Jentene på Kaien

COACHING PÅ FEDJE

Kombiner opplevinga av Fedje med personleg utvikling. Vi tilbyr NLP Master Coaching i vakre og rolige naturomgivingar – perfekt for deg som ønsker ro, klarheit og ny retning. Her får du moglegheita til å vere turist på Fedje samtidig som du jobber med deg sjølv, i tett kontakt med naturen.

Kjersti Kleppe Hald
Epost: kjersti.hald@gmail.com
Tlf: 91 92 22 55





Takk for besøket, og
velkommen tilbake!